



Taleserie møtepunkt B vår 2018.

Denne våren skal vi gå igjennom galatarbrevet på møta våre. Eit fantastisk viktig brev som. Dette skrivet gjev litt rammeverk for dei som ønskjer det!

Forfattar og tittel:

Det første ordet i galatarbrevet er "Paulus", og det har vore stor semje om at det er Paulus som er forfattaren av brevet. Brevet nemner også mottakarane som "forsamlingane i galatia" (1,2) og "Uvituge galatarar" (3,1). Den einaste debatten er kva for nokre galatarar det er snakk om?

Datering.

Spørsmålet om datering på brevet heng noko saman med spørsmålet om kva for galatarar det her er snakk om. Hovudfaktoren, reint tematisk også, er at brevet ikkje nemner apostelmøtet i Jerusalem (Apg 15). Sjølv om dette er eit argument frå taushet, har mange karakterisert det som øyredøyvande stillhet. Det ville ha hjelpt Paulus enormt i argumentasjonen hans dersom han kunne lagt heile tyngda av eit samla apostelmøte på bordet om at heidningar ikkje trengte å bli omskjærte – som jo er hovudpunktet i den usemja Paulus har med dei "falske lærarane" som påverkar galatarane. Sidan dette apostelmøte fann stad i Jerusalem i år 48/49, er år 48 eit godt tips. I såfall er dette eit av dei eldste skrifter vi har i NT, om ikkje det eldste. Men heilt sikre kan vi ikkje være. Mest trulig er Antiochia plassen Paulus skreiv ifrå.

Oldtidas Galatia

Galatia var i utgangspunktet ein region i nordre Lille Asia. (det moderne Tyrkia) Det vart ein slags vasallstat – klientstat under Romersk styre når Pompei (midten av 1. århundre f. kr) var romersk keisar. Når vasallkongen Amyntas døde 25 f.Kr, vart eit forstørra Galatia lagt under den romerske guvernøren. I Paulus sine dagar inkluderte provinsen Galatia delar av Pontos, og Paplagonia mot aust og nord, og også delar av Frygia, Pisidia, Isauria, Lyconia og Cilicia i sør. Slik var mange av byane som Paulus besøkte på si første misjonsreise ein del av denne provinsen.

Arkeologiske utgravingar syner at området er påverka av både keltiske, hellenistiske og romerske kulturar på Paulus si tid.

Tema:

Jesu død har brakt til veie den nye pakt (3,23-26; 4,4-5 og 24) slik at dei som trur ikkje treng å verte jødar eller følge dei utvortes sermoniane som Moselova påbyd. Å krevje dette er å fornekte hjartet i evangeliet, som er rettferdiggjering ved trua åleine, ikkje ved lydnad mot Lova (2,16; 1,6-7). I denne nye tid, skal kristne leve i den rettleiinga og krafta som Anden gjev. (kapittel 5-6)

Litterære trekk med brevet

Som resten av dei Paulinske breva, følgjer også galatarbrevet reglane til antikke brev:

- Ei opningshelsing
- Hovedkroppen
- Paranese (moralske oppfordringer)
- Helsingar
- Velsigning

I dette brevet, imidlertid, finnast ikkje det vanlege takkeperspektivet i starten som Paulus vanlegvis gjer når han adresserer ein menighet. Dette indikerer Paulus sin frustrasjon og kor alarmerande han opplever den teologiske situasjonen i Galatia er. Paulus går rett til poenget som er at Galatarane står i fare for å vende seg til eit anna evangelium, og slik risikere evige konsekvensar for sjela. Hovudargumentasjonen til brevet går langs sjølvbiografiske linjer, allegoriar, satirisk tilrettevising og formaningar.

Det læremessige trøkket i brevet gjev det ein sterk intern einskap og heilskap. På ein eller annan måte er alt i brevet kopla til Paulus sitt forsvar av rettferdiggjering ved tru åleine. Brevet er også "heilt" i den intense tonen som Paulus brukar her, og som kjem sterkare fram i dette brevet enn i nokon anna brev han skriv – spesielt i intoleransen mot falsk lære og folka som promoterar ho.

Stilistisk fell galatarbrevet også inn i eit vanleg mønster med tematiske kontrastar:

Det sanne evangelium	vs	falskt evangelium	kapittel 1
Tru	vs	gjerning	kapittel 3
Lova	vs	Nåden	kapittel 3
Fridom	vs	loviskheten	kapittel 4
Son	vs	slave	kapittel 4
Åndens frukt	vs	kjødets begjær	kapittel 5

Hensikt, Anledning og Bakgrunn.

Ei krise har ramma kyrkja i Galatia. Menighetane vart til som eit resultat av eit arbeid av Guds Ånd i Paulus som proklamerte evangeliet (3,1-5; 4,13-15). På si første misjonsreise hadde Paulus starta fleire kyrkjelydar. Men i løpet av den korte tida det har gått sidan Paulus drog ifrå Galatia (1,6) har kyrkja blitt besøkt eller infiltrert av falske lærarar som Paulus kallar dei som "*forvirrar dykk og vil forvrengja Kristi evangelium*" (1,7) eller "*dei som spreier uro mellom dykk*" (5,12).

Desse «lærarane» har overtydd galatarane om eit falsk evangelium – dei må omskjærast og verte jødar for å vere ordentlige kristne. Paulus ser at desse pseudo-kristne berre vil vinne konvertittar for eiga prestige: dei vil vinne aksept og annerkjenning frå dei jødiske autoritetane ved å vise kor effektivt denne nye sekta (dei kristne) kan konverterast inn i jødedommen igjen. Sidan det jødiske etablissementet godkjenner at dei lagar heidenske jødar, får dei falske lærarane det beste frå begge verdnane (i pose og sekk): Dei får skapt ei sekt som dei sjølve er leiarar i, samstundes som dei slepp unna noko jødisk forfølging.

Ein vidare effekt av denne situasjonen og læra til dei "falske", for menighetens del, er at det tydelig er skiller i menigheten over saker som omskjæring og lovlydighet mot den jødiske lova (5,15).

Sjølv om det verkar som dei falske lærarane har galatarane i sin vold, og har vorte overbeviste om læra dei kjem med (1,6), ser ikkje Paulus på situasjonen som totalt håplaus (3,4). Men Paulus er meir kritisk til dei han skriv dette brevet til enn han er i noko anna brev. Og i svært tydelige ordelag gjev han dei i glatte lag for å vere "uvituge" og gjev dei utallige grunnar for kvifor dei bør returnere til sanninga.

Kva galatarar?

Det mindre viktige spørsmålet som ikkje har så mykje å seie for sjølve tolkinga av brevet er kva galatarar det her er snakk om. Der var ei *galatisk folkegruppe* som levde i dei nordlige delane av det som i dag er Tyrkia, men det var også ein *romersk provins* som heitte Galatia som også strakk seg vidare sørover ned i Tyrkia, utover der folkegruppa levde. Galatarane i brevet er antakelig dei i den romerske provinsen, spesielt i den sørlege delen, fordi Paulus hadde mykje mindre misjonsaktivitet i dei nordre delane – og dessutan brukar han å referere til plassar med dei romerske namna. Så truleg er dette brevet gått til menighetar i og rundt byane Ikonium, Lystra og Derbe.

Viktige tema

1. I sin syndbærande død, er Jesus ein stedfortredar for alle kristne, og bringer dei inn i ein ny sfære av fridom og liv.	1,4; 2,20; 3,13
2. Dette Kristi evangelium er FOR menneskeheten men har på ingen måte utspring <i>i</i> menneskeheten, det kjem kun frå Gud sjølv. Paulus er sjølve ein illustrasjon av dette: Omvendinga til Kristus og apostolatet hans kom ikkje til han gjennom menneskelig konsultasjon, men gjennom direkte openberring frå Kristus.	1,1, 11-12, 15-20
3. Evangeliet vert teke imot og får lande i eit liv, ikkje gjennom lovgjerningar, men ved tru, som er einaste vegen til rettferdiggjering.	2,16
4. Å krevje omskjæring og deltaking i andre mosaiske sermoniar - slik som diettlover og jødiske festdagar - som eit supplement til tru, er å falle tilbake frå nåden, trua og fridomens rom og komme under heile lova og dermed forbanning, fordi ein fullkommen lovlydnad er umogleg.	2,12-14, 16; 3,10; 4,10; 5,3
5. GT sjølv gjev vitnemål om rettferdiggjering ved tru, både i livet til Abraham og i Habakkuk sin profeti	1. Mos 15,6 ; Hab 2,4
6. Det kristne livet har si kjelde i at den som trur har dødt frå synda med Kristus, og har dermed forkasta kjødet (den syndige naturen)	5,24; 6,14
7. Anden er kjelda for kraft og rettleiing i det kristne livet og Andens gjerningar produserer kjærleik og tru	5,6 ;16 ; 18 ; 25
8. Det kristne livet handlar ikkje om å please folk, men å vere til glede for Kristus, vår mester og å vere villig til å lide forfølgjing for korsets sak.	1,10; 6,12 og 14

Vi kjem til å gå igjennom dette brevet gjennom 5 søndagar. Under ser du tekstane og fordelinga, med eit lite tematisk hint om kva som vil bli tala om. Ver gjerne med og les galaterbrevet både i husgrupper og i dine personlege bibelstunder. Smågruppeopplegg finn du på normisjon.no/sof.

Guds fred og Andens rettleiing over lesinga: Måtte det verte mat for sjela!

Vegard T	22.apr	Kvífor desse pennestrøk, Paulus?	Gal 1,1-9
Andreas	06.mai	«..etter sanninga i evangeliet»	Gal 2,11-21
Hildegunn	21.mai	Ande, tru og son	Gal 3,23-4,7
Steinar	03.jun	Evangeliet gjev fridom	Gal 5,1-15
Vegard T	17.jun	kKøre på, galatarar, kjør på!	Gal 6